

# SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Inger Handegård  
Arkivsaksnr.: 16/1827

Arkiv: PLAN 1426-2015004

---

## Reguleringsplan for Sogn motorsportsenter, Leirmøygarden - 2. gongs handsaming Plan id 1426-2015004

### Rådmannen si tilråding:

I samsvar med § 12 – 10 , i plan - og bygningslova, blir det rådd til at Plan - og forvaltningsstyret gjer slikt vedtak:

1. Plan - og forvaltningsstyret sluttar seg til vurderingar og tilråding knytte til innkomne merknader.

Planen får fylgjande endringar etter at den har vore ute til offentlig ettersyn:

a: Planområdet vert innskrenka ved at plangrensa i kartet vert flytta utanfor området som Leirdalen Bre og Juv disponerer.

b: Plankartet vert justert. Parkeringsplassen og klubbhuset vert flytta litt mot vest slik at den eksisterande innkøyringa til «lagerområdet» i skogen blir ståande som grense mellom framtidig parkeringsplass og naturområdet i aust.

c: Frisiktlinjer 6 x 115 meter også vert teikna inn på plankartet, som sikringssone frisikt.

d: Reguleringsføresegnene §4.6 Opningstider for motorsportsenter vert endra til:  
Mandag-fredag frå kl. 17.00 – 21.00 Laurdag-sundag kl. 10.00 - 15.00.

e: Reguleringsføresegnene §4.7 vert endra til:

4.7 Støyvoll Det skal byggast støyvollar mellom baner og garden Leirimo i sør-vest, slik som støyrapporten legg opp til. Det skal byggjast opp støyvoll mellom baner og vegkrysset 604/Leirdalen. Støyvollane skal vera 2-3 meter over trase/bane. Støyvollane skal byggast inne på område for motorsport. Rekkefølgekrav: Støyvollane skal vera bygde før anlegget kan takast i bruk.

2. Endra planframlegg vert sendt Motorsportgruppa i IL Bjørn for uttale. Det vert sett ein merknadsfrist på 2 veker. Dersom dei ikkje har merknad til endringane vert planutkastet sendt over til kommunestyret for endeleg vedtak.

3. Plan - og forvaltningsstyret rår til at kommunestyret gjer slikt vedtak:

«I medhald av reglane i § 12 - 12 i plan og bygningslova , vedtek Luster kommunestyre reguleringsframlegg for Sogn motorsportsenter, Leirmøygarden, plan - id 1426 - 2015004, datert 22.08.2017, som detaljreguleringsplan for området. »

## **Saksutgreiing:**

### **Prenta vedlegg:**

Reguleringsplankart og føresegner datert 23.05.17, som utlagt til offentleg ettersyn

**Uprenta vedlegg:** Innkomne merknader

### **Samandrag:**

I samsvar med Luster kommune sitt planprogram planleggingsprogram for 2016-2019 skal Luster kommune skal utarbeida reguleringsplan for eit motorsportanlegg på Leirmøygarden. Planarbeidet er i samsvar med kommuneplanen, arealdelen vedtatt i 2008 og 2015. Anlegget er med i Kommuneplan for idrett og fysisk aktivitet og i Regional plan for idrett og fysisk aktivitet. Det er utarbeidd planprogram for planarbeidet. Planprogrammet vart vedteke av Plan- og Forvaltningstyret i møte 13.02.17. Oppstart av planarbeidet vart varsla i april 2016 og det kom inn eit innspel til planprogrammet og fire innspel til reguleringsplanarbeidet. Planen vart 1. gongs handsama i møte 13.02.2017, sak 7/17. Planen vart vedteke lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Det har komme inn 6 merknader etter utlegginga. Arbeidet er utført av Luster kommune.

### **Utval som har vedtaksmynde:**

Plan - og forvaltningsstyret , jf. reglane i § 12 - 10 i plan - og bygningslova og kommunen sitt politiske delegeringsreglement.

### **Fakta:**

#### **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

##### Natur og miljø:

Naturtypekartlegginga tilfredsstillar etter vår vurdering ikkje krava i naturmangfaldlova om eit forsvarleg kunnskapsgrunnlag. Området består delvis av flaummarkskog/elvekantskog, som er den mest fuglerike naturtypen som er kjent i Noreg. Mot sør dominerer tørrare blokkmark med stort potensial for førekomst av sjeldne insektartar. Trass i tilbakemelding frå Fylkesmannen om at den biologiske kartlegginga burde femne om insekt og fugleliv, er ikkje noko av dette gjort. Insekt er ikkje kartlagt i det heile, og undersøkingane er gjort for seint på året til at fuglelivet kunne kartleggjast. Med feltarbeid i slutten av september er det også tvilsamt om alle aspekt av floraen er undersøkte, m.a. når det gjeld karplanter.

Faren for at naturmangfald skal bli skadelidande som følgje av desse manglane er likevel redusert gjennom arealdisponeringa i planframlegget. Den sørlege delen av arealet til motorsport avsett i kommuneplanen, med tørr blokkmark, er teken ut av reguleringsplanen, og det er sett av buffersoner/grøntbelte langs elva som gjer at ein i store trekk unngår inngrep i dei mest artsrike delområda. Men heilt i nord, der det er påvist ein raudlista art og potensialet for rikt fugleliv er størst, tilrår vi å justere parkeringsplassen noko mot vest slik at den eksisterande innkøyringa til «lagerområdet» i skogen blir ståande som grense mellom framtidig parkeringsplass og naturområdet i aust.

I 2008 utarbeidde Kilde Akustikk ein støyrapport med støysonekart for ei motorsportbane på Leirmøygarden i samsvar med støysone regelverket T-1442. Av planomtalen går det fram at med dei føresetnadene (m.a. støyvollar) som er gjort i støyrapporten er støynivået til næraste busetnad under grenseverdiane i støyretningslinjene (T-1442). Vi vil peike på at støyrapporten er basert på ein føresetnad om tre treningskveldar per veke frå kl. 17 til 20/21 og laurdag frå 10-15. I reguleringsføresegnene står det derimot måndag-fredag frå 09 til 21 og laurdag frå 10 til 15. Dette er så vidt ulike tidsavgrensingar at anten så bør opningstidene endrast til det som står i støyrapporten, eller så bør støytilhøva vurderast på ny (jf. også støyrapporten).

Det er viktig å merke seg at motorstøyen frå anlegget også vil kunne påverke lokalt dyreliv, og vi viser m.a. til Ytamo naturreservat på motsett side av Jostedøla.

Støygrensene i T-1442 gjeld for oppføring av nye bustader, hytter eller andre støyutsette bygningar kring motorsportbana. Det vart utarbeidd eit støysonekart i 2008. Kommunen må vurdere om dette støysonekartet, med raud og gul støysone, er dekkande for den reguleringsplanen som vert vedteken. Viss ikkje må det utarbeidast eit oppdatert støysonekart for området, som også omfattar områda utanfor planavgrensinga slik at alt areal som vert omfatta av raud og gul sone kjem med. Kommunen bør ved neste kommuneplanrevisjon innarbeide støysonekartet i arealdelen. På denne måten kan ein betre sikre at støysonene vert lagde til grunn og tekne omsyn til i den framtidige arealplanlegginga i området. Dette vil vere i tråd med anbefalingane gitt i støyretningslina.

Dei ser det som positivt at det er sett av grøntbelte langs elvane, i tråd med vassressurslova § 11. Kantvegetasjonen representerer spesielt rike og verdifulle område med stort artsmangfald, den aukar fiskeproduksjonen og reduserer eventuell ureining til vassdraga. Dei minner elles om at det for bruk av øvingsbane i utmark må søkjast om dispensasjon etter § 6 i nasjonal forskrift for bruk av motorkøyrety i utmark (heimla i motorferdsellova). Dei viser til rundskriv T-1/96 kapittel 7.3.2. der det står følgjande: "Når det gjelder kjøring på terrengbaner i utmark, kan det i medhold av § 6 gis tillatelse når banen er lagt ut i reguleringsplan, og når den benyttes til kjøring i organiserte former". For meir utfyllande rettleiing om motorsportbaner viser vi til rundskriv T-1/96 - om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

Samfunnstryggleik og beredskap: Det er utarbeidd ein analyse av risiko og sårbarheit (ROS-analyse) i planområdet.

#### Landbruk:

Planområdet grensar opp til ein teig med dyrka mark mot vest, og i uttale til planoppstart oppmoda dei om å setje av ein vegetasjonsskjerm med tre/busker som buffersone mellom jordbruksarealet og motorsportsenteret. Dei merkar seg at det i plankartet er sett av eit naturområde som skal ha funksjon som buffersone mot jordbruksarealet, og der arealføremålet også er sikra i føresegnene til planen. Dei har elles ikkje avgjerande merknader til planframlegget.

**Tilråding: Plankartet vert justert. Parkeringsplassen og klubbhuset vert flytta litt mot vest slik at den eksisterande innkøyringa til «lagerområdet» i skogen blir ståande som grense mellom framtidig parkeringsplass og naturområdet i aust.**

**Reguleringsføresegnene §4.6 Opningstider for motorsportsenter vert endra til: Mandag-fredag frå kl. 17.00 – 21.00 Laurdag-sundag kl. 10.00 - 15.00.**

#### **Sogn og Fjordane Fylkeskommune**

Reguleringsplanarbeidet er forankra i kommunen sitt planleggingsprogram for 2016 - 2019. Planarbeidet er i samsvar med kommuneplanen, arealdel vedteken i 2015, der arealet er avsett til idrettsanlegg. Planframlegget ser ut til å handtere dei vesentlege utfordringane i planarbeidet. Vi ser særlig positivt på det omfattande arbeidet som er gjort knytt til kartlegging av støysoner og naturmangfald knytt til planarbeidet.

#### Medverknad i planprosessen

I følgje planframlegget kom det fire innspel til planarbeidet. Vi saknar at planframlegget refererer til vesentlege punkt i desse innspela, eventuelt kan innspela følgje planen som vedlegg. Vidare bør det kome fram av planframlegget korleis innspela er vurdert i det endelege framlegget til plan.

#### Samferdsle

Fylkesveg 604 til Jostedalen går gjennom området. Vegen er svingete og nokså smal i området. Krysset mot Leirdalen , som ligg rett sør for planområdet, er vurdert som trafikkfarleg. FV 604 er mykje trafikkert av besøkjande til breen i sommarhalvåret. Hovudtilkomst inn i området vert løyst på eksisterande avkøyring frå FV 604. Fartsgrensa på FV 604 ved avkøyringa til anlegget er 80/km/t. Det er lagt opp til at 50 bilar med hengar skal kunne få plass på område regulert til parkering. Årsdøgntrafikken på Fv. 604 er på 400. Det er rett som det går fram av planomtalen vegen er svingete og smal i området med fartsgrense 80 km/t. Dersom kommunen meiner at fylkesvegen må utbetrast forbi planområdet, må kommunen spele inn dette som eit prioritert prosjekt i samband med høyringa på Regional transportplan 2018 – 2027. Dersom kommunen ønskjer nedsett fartsgrense forbi planområdet og ved innkøyringa til motorsportssenteret, må kommunen sende søknad om nedsett fartsgrense til Statens vegvesen. Utforming av kryss/innkøyring til senteret må vere utforma i samsvar med krava i handbok N100.

Krysset mot Leirdalen , som ligg rett sør for planområdet, er vurdert som farleg. I 2003 vart det starta opp eit reguleringsarbeid for å betre krysset , og rette opp vegtraseen i området. Dette reguleringsplanarbeidet er stoppa og lagt førebels på is.

Fylkeskommunen støttar kommunen sitt syn på at det er viktig at det ikkje vert planlagt og etablert tiltak som hindrar framtidig utbetring av fylkesvegen i området. Dersom kommunen meiner at dette krysset skal utbetrast, må kommunen spele inn dette som eit prioritert prosjekt i samband med høyringa på Regional transportplan 2018 – 2027.

#### Spelemiddel

Fylkeskommunen v/Atle Skrede deltok på ei synfaring på planområdet i 2014. På synfaringa vart mellom anna orientert om kva moglegheit kommunen har for å søke spelemiddel for delfinansiering av anlegget.

Tildeling av spelemiddel til motorsportanlegg vert styrt gjennom regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 – 2019. Etablering av motorsportanlegg i Luster er innarbeida i handlingsprogram anlegg, Enduroanlegg og Knattcross er prioritert for regionalt tilskot i 2019, trail og motorcross er med i langtidsprogrammet for perioden etter 2020. Kommunen kan søke om spelemiddel i 2018 for dette anlegget, under føresetnad at reguleringsplanen vert vedteken før 15. januar 2018. Om kommunen ønskjer bygge klubbhus funksjonar (møterom, lager og garderobe) er det krav til at tiltaka må for ankrast i kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv før kommunen kan søke om finansiering frå spelemiddelordninga. Anlegget er med i kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2016 - 2027, der området for motorsport er med i handlingsprogrammet for kommunalt tilskot.

#### Kultur

Vi syner til kulturminnefagleg fråsegn frå oss på varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid et , datert 23.05.2016. Det er positivt at planen tek omsyn til fråsegna vårt ved å legge til punkt 2.8 automatisk freda kulturminne i fellesføresegnene for bygg og anlegg .

#### Vassmiljø

I planen er det lagt inn ein buffersone mellom Jostedøla og motorcrossbanen . Miljøsmål for Jostedøla i det aktuelle området er moderat økologisk potensiale og god kjemisk tilstand . Det er satt lågare miljøsmål enn god økologisk tilstand pga. vassdragsregulering. På [www.vann-nett.no](http://www.vann-nett.no). Kan de finne meir informasjon om vassdraget og miljøsmål. Fylkesmannen har ansvar for å vurdere mogleg ureining frå motorcrossbanen til vassmiljøet etter forurensningslova.

**Kommentar: Luster kommune merkar seg innspel som gjeld tiltak som ikkje gjeld sjølve reguleringsplanarbeidet. Dei fire innspela til oppstart av planarbeidet er**

**grundig handsama i saksutgreiinga ved 1. gongs handsaming av planen. Innspela er frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Statens Vegvesen og NVE.**

#### **NVE – region vest**

Har ingen merknad til planen.

#### **Statens vegvesen**

Dei registrerer at innspela deira er teke inn i planforslaget.

Frisiktsoner 6 x 1 1 5 meter er teke med i føresegner § 8 under Omsynssoner.

Dei ber om at Frisiktlinjer 6 x 115 meter også vert teikna inn på plankartet, som sikringszone frisikt. Dei er orientert om at planforslaget legg opp til at anlegget skal ha trygg avkøyning frå Fv. 604 med etablering av parkering for 50 bilar med hengar. Statens vegvesen har elles ingen andre merknader til planforslaget.

**Tilråding: Frisiktlinjer 6 x 115 meter også vert teikna inn på plankartet, som sikringszone frisikt.**

#### **Ungdommens kommunestyre – arbeidsutvalet**

UK er glad at reguleringsarbeidet har komme så langt. UK har ikkje merknader til framlagde planframlegg, og meiner at planen dekkjer det behovet som er prioritert i kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2027.

#### **Håvard Evjestad – Leirdalen Bre og juv**

Han meiner det er flott at det skjer ting i kommunen, og er positiv til at idrettslaga våre skapar aktivitet for innbyggjarane i kommunen, men har nokre spørsmål kring det planlagde motorsportsenteret. Han har sidan 2006 drifta selskapet Leirdalen Bre og Juv. Eit av tilboda dei har er Juving i Leirdøla. Dei har oppmøteplass ved avkøyninga til Leirdalen der dei leiger grunn av Marit T Leirdal/Vivian Leirdal. Korleis kan kommunen og næringssjefen sjå for seg at til turisme, med fokus på naturopplevingar, og eit motorsportsenter passar sammen? Både kort og lang bane kjem til å passere deira oppmøtestad og «garderobe» i området med berre nokon få meter. Det er ingen plan for støyreduksjon denne vegen, slik det er i sør. Han er bekymra for den støyen eit motorsportsenter vil føre med seg og forventar at eit selskap med fokus på naturbasert turisme og naturopplevingar like ved vert teke omsyn til i vidare utgreiing.

**Tilråding: Plangrensa i kartet vert flytta utanfor området som Leirdalen Bre og Juv disponerer. Heile dette området er definert som rasfarleg i kartet. Ytterkan av område for baner ligg ca. 30 meter frå bygga til Leirdalen Bre og Juv og 6-7 meter lågare. Ein støyvoll på 2-3 meter vil neppe ha svært stor effekt når gjeld å dempe støyen som går oppover, men føresegnene §4.7 bør endrast til:**

**4.7 Støyvoll Det skal byggast støyvollar mellom baner og garden Leirmo i sør-vest, slik som støyrapporten legg opp til. Det skal byggjast opp støyvoll mellom baner og vegkrysset 604/Leirdalen Støyvollane skal vera 2-3 meter over trase/bane.**

**Støyvollane skal byggast inne på område for motorsport. Rekkefølgekrav:**

**Støyvollane skal vera bygde før anlegget kan takast i bruk.**

#### **Vurdering:**

Reguleringsplan en er utarbeidd for å kunne leggje rette for motorsport i Luster kommune. Etter at planutkastet har vore ute til offentleg ettersyn har det komme inn fire merknader til planen. Framlegg til endringar er i alt vesentleg teke omsyn til og er innarbeida i planomtalen. Føresegner og plankartet vert endra i samsvar med dette. Rådmannen ser på endringane i planomtale som små at det ikkje vert krav om ny offentleg utlegging av planen. Rådmann meiner likevel at endra planframlegg vert sendt Motorsportgruppa i IL Bjørn for ev uttale. Det vert sett ein merknadsfrist på 2 veker. (om dei treng lenger tid så vert planen lagt til kommunestyremøte i oktober.)

Dersom dei ikkje har merknad til endringane vert planutkastet sendt over til kommunestyret for endeleg vedtak med dei endringane i planomtalen som vist til over.

Dato: 28.08.2017

Jarle Skartun  
rådmann

Arne Ingjald Lerum  
Plansjef

---

Særutskrift skal sendast:  
m/kopi til: